

**Fra:** Postmottak@OED.DEP.no

**Sendt:** 01.12.2015 14:26:21

**Til:**

**Kopi:** Hordaland Fylkeskommune - Postmottak

**Emne:** Røyrvik kraftverk i Kvam herad i Hordaland - vedtak i samband med klage frå søkjar

**Vedlegg:**

Torgeir Røyrvik

for Røyrvik Kraftverk AS

5620 TØRVIKBYGD

Dykkar ref

Vår ref

Dato

15/775-

1.12.2015

## **Røyrvik kraftverk i Kvam herad i Hordaland - vedtak i klagesak**

Røyrvik Kraftverk AS klagar i brev av 9.12.2014 på Hordaland fylkeskommune sitt avslag av 28.8.2014 til bygging av Røyrvik kraftverk i Kvam.

Fylkeskommunen har i vedtak av 18.2.2015 oppretthaldt sitt avslag, og har i brev av 20.4.2015 sendt klaga til departementet for endeleg avgjerd.

### **1. Bakgrunn**

Røyrvik Kraftverk AS søkte 23.7.2008 om løyve til å byggje Røyrvik kraftverk i Kvam herad i Hordaland. Frå 1.1.2010 fekk fylkeskommunane delegert myndigheit frå Olje- og energidepartementet til å fatte vedtak i saker der det blir søkt om løyve til bygging av kraftverk under 1 MW. Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) gjorde det førebuaende arbeidet for Røyrvik kraftverk og sende si innstilling til Hordaland fylkeskommune.

Røyrvik kraftverk vil utnytte fallet frå Vetlavatnet på kote 72 til sjøen kring kote 2. Vetlavatnet er planlagt nytta som inntaksmagasin, og planlagt regulert med 0,75 meter (LRV kote 71,25 – HRV kote 72). Regulering av Vetlavatnet vil òg regulere vasstanden i Øyjordsvatnet via kanal mellom dei to vatna (LRV kote 71,25 – HRV kote 72). Storavatnet er planlagt nytta som reguleringsmagasin med 1 meter senking (LRV kote 72,4 – HRV kote 73,4). Frå kraftstasjon blir det avløp til Røyrvikelva. Røygata på 850 m vil bli lagt i grøft på austsida av elva. Middelvassføringa i vassdraget er rekna til 567 l/s, og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 1136 l/s. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 40 l/s om sommaren og 24 l/s om vinteren. Kraftverket er planlagt med installert effekt på 650 kW, og den årlege produksjonen er rekna til om lag 2,1 GWh.

**Kvam herad** er positive til prosjektet under føresetnad av at det blir gjort visse avbøtande tiltak i høve landskap og kulturmiljø. **Fylkesmannen i Hordaland** kan akseptere utbygging, men meiner at kraftverket må byggjast med forbisleppingsventil og at det er naudsynt å sleppe større minstevassføring. **Fylkeskommunen** kjenner ikkje til automatisk freda kulturminne som kjem i konflikt med tiltaket, men uttaler at området har potensiale for funn av hittil ukjente kulturminne.

Fylkeskommunen viser elles til fylkesdelplan for små kraftverk med retningslinjer.

**Naturvernforbundet i Kvam** går imot planane om å regulere dei tre vatna. **BKK Nett AS** og **Kvam Kraftverk AS** viser til at det i dag ikkje er ledig kapasitet i regionalnettet. **Innstranda Grendeutval** og **grunneigarane på Kolltveit** har ingen større merknadar til tiltaket. **Arne Tveit** er imot planane.

I innstillinga av 14.5.2014 har NVE lagt vekt på at sterkt redusert vassføring i Røyrvikelva og den nedre fossen, samt regulering av Vetlavatnet, Storavatnet og Øyjordsvatnet, vil redusere landskapskvaliteten og opplevingsverdien knytt til området. NVE meiner at utbygginga vil få stor negativ konsekvens for landskapet. I Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009-2021 ligg Røyrvikelva i eit fjordlandskap av stor verdi. NVE meiner at tiltaket er i strid med retningslinjer frå Olje- og energidepartementet, og fylkespolitiske retningslinjer for små vasskraftverk i Hordaland (R3), for tema landskap og fjordlandskap.

NVE la vidare vekt på at tiltaket påverkar verdiar knytt til kulturlandskap, friluftsliv og biologisk mangfald. NVE meiner at det er vanskeleg å finne gode avbøtande tiltak som vil redusere verknad for landskap og biologisk mangfald. Etter NVE si vurdering vil ikkje dei positive sidene ved ei utbygging i form av omlag 2,1 GWh/år i fornybar energiproduksjon overstige ulempene. NVE tilrådde å avslå søknaden om løyve til å byggje Røyrvik kraftverk.

Hordaland fylkeskommune fatta 28.8.2014 vedtak om å avslå søknaden om å byggje Røyrvik kraftverk. Fylkeskommunen meinte at tiltaket ikkje tar godt nok omsyn til naturmangfald, friluftslivsområde og store landskapsverdiar i området og såleis er i strid med fylkeskommunen sine energimål i Klimaplan for Hordaland 2014-2030 og Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009-2021.

## 2. Klaga

Torgeir Røyrvik har i brev av 9.12.2014 klaga på Hordaland fylkeskommune sitt avslag av 28.8.2014.

Klagar meiner at dei negative konsekvensane av tiltaket er overvurderte. Klagar meiner at konsekvensane for landskapet potensielt vil vere mykje større utan tiltaket då tiltaket er viktig for å oppretthalde kulturlandskapet i området. Klagar meiner òg at dei tekniske inngrepa i samband med reguleringa er avgrensa. Klagar påpeiker at fordelane ved tiltaket inkluderer lokalt eierskap og vidare drift og utvikling av gardar og lokalmiljø.

Hordaland fylkeskommune vurderte saka på ny 18.2.2015. Fylkeskommunen kunne ikkje sjå at det var framført nye og avgjerande opplysningar i klaga som ga grunnlag for omgjerding av vedtaket. Saka vart dermed sendt til departementet for vidare klagehandsaming i brev dagsett 20.4.2015.

## 3. Departementet sine merknadar

Det kan gjevast løyve til Røyrvik kraftverk dersom *”fordelene ved tiltaket overstiger skader og ulemper for allmenne og private interesser”*, jf. vassressurslova § 25 fyrste ledd. I klagehandsaminga skal departementet legge vekt på det kommunale sjølvstyret ved prøving av det frie skjønnet, jf. forvaltningslova § 34, andre ledd. Departementet vil drøfte dei merknadene frå klager som er naudsynt for å grunngi avgjerda. Departementet kan òg ta omsyn til andre forhold som ikkje er tatt opp av klagar.

Både NVE og Fylkeskommunen meiner at dei negative konsekvensane for landskap er store og

vanskeleg å avbøte. Fylkesrådmannen skriv i si saksutgreiing at fossen i Røyrvikelva er eksponert og har stor verdi som landskapselement. NVE meiner at dei tekniske inngrepa og reguleringa av vatna vil påverke opplevinga av området og utøving av friluftsliv.

NVE påpeiker at ål er avhengig av Røyrvikselva som vandringsveg og meiner at dei avbøtande tiltaka foreslått i søknaden av omsyn til ål, ikkje vil vere tilstrekkeleg til å ivareta ålen sin opp- og nedvandring. Fylkesrådmannen støttar denne vurderinga. Ålen har status som sårbar (VU) ifølgje Raudlista 2015.

Departementet meiner at dei samla negative konsekvensane for landskap, akvatisk miljø og andre brukarinteresser overstig fordelane knytt til ein samla produksjon på 2,1 GWh.

Departementet syner til NVE sine vurderingar av tilhøvet til naturmangfaldlova. Departementet støttar NVE sine vurderingar og syner til KI-notat nr. 16/2014 for ytterlegare informasjon. Departementet vurderer krava i naturmangfaldlova § 7 for å vere oppfylt.

#### **4. Departementet sin konklusjon**

Etter ei heilskapleg vurdering finn departementet at fordelane og nytta ved tiltaket er mindre enn skader og ulemper for allmenne og private interesser. Vilkåret for løyve er dermed ikkje oppfylt, jf. vassressurslova § 25.

Klaga frå Torgeir Røyrvik blir ikkje tatt til følgje. Hordaland fylkeskommune sitt vedtak av 28.8.2014 om å avslå søknaden om bygging av Røyrvik kraftverk blir oppretthaldt.

Dette vedtaket kan det ikkje klagast på, jf. forvaltningslova § 28, tredje ledd, fyrste punktum.

Med helsing

Lars Christian Sæther (e.f.)  
avdelingsdirektør

Siri Merethe Fagerheim  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikkje handskrive signaturar.*

Kopi til:  
Hordaland fylkeskommune  
Kvam kommune  
Norges vassdrags- og energidirektorat  
Fylkesmannen i Hordaland  
BKK Nett AS